

INFORMASJON OM MOTTAKER

- Med prosjektet menes i skjemaet både prosjekter, tiltak eller aktiviteter som det mottas tilskudd til

Skjema er utfylt av

Fornavn Else-Marie
Etternavn Aarø
Tittel Seniorrådgjevar

Organisasjonsnummer NO 938 626 367
Organisasjonsnummeret må være basert på en juridisk enhet.

Organisasjonsnavn Hordaland fylkeskommune
Organisasjonsnavnet må være identisk med enhetsregisteret i Brønnøysundregistrene

Adresse PB 7900

Postnr./-sted 5020 Bergen

E-postadresse hfk@hfk.no
Postmottak/ offisiell e-postadresse til søker

Webadresse www.hordaland.no

Kommunennummer Klikk her for å skrive inn tekst.
Kun for kommuner
Klikk her for å skrive inn tekst.

Samarbeidspartnere i prosjektet

Prosjektet utføres i samarbeid med andre virksomheter

Angi informasjon om alle andre virksomheter eller organisasjoner dere samarbeider med om prosjektet. (Lokalt, regionalt og nasjonalt)

Askøy kommune: kommunenr. 1247

Bømlo kommune: kommunenr. 1219

Fjell kommune: kommunenr. 1246

Stord kommune: kommunenr. 1221

Høgskulen på Vestlandet

TILSKUDDSORDNING

- Tilskuddsbrevet inneholder krav til rapportering
- Rapporteringen kan dere utdype i et eller flere vedlegg, dersom det er nødvendig

Tilskuddsordning

Kartlegging og utviklingsarbeid om «NÆRMILJØ OG LOKALSAMFUNN SOM FREMMER FOLKEHELSE» - Tilskudd Kap. 714.60

Klikk her for å skrive inn tekst.

Rapporteringsperiode

Hovedrapportering for 2018/19

Hovedmål: Gode nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer folkehelse

RAPPORTERING PÅ MÅLOPPNÅELSE

- Rapportér på hvilke mål dere har oppnådd og vurder i hvilken grad de er oppnådd
- Helsedirektoratet legger særlig vekt på måloppnåelse i prosjektene ved vurdering av rapporteringen

Tittel for prosjektet

Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse i Hordaland

Titlar på kommunane sine prosjekt:

Askøy: *Medvirkning for mobbefritt oppvekstmiljø – nærmiljø som fremmer folkehelse.*

Bømlo: *Helsefremjande nærmiljø Bømlo kommune*

Fjell: *Kartlegging av skuleveggar og snarveggar i Fjell kommune*

Stord: *Brei innbyggjarmedverknad i kommunal planlegging*

Lokale mål for prosjekta i kommunane er sendt i tidlegare rapportar.

Utfyllende rapportering på kriterier for måloppnåelse – delmål 1 – 5 med underpunkter. Fyll inn i tabellen for hvert underpunkt.

Delmål 1: *Bedre kvalitative utfordringsoversikter på folkehelseområdet som kunnskapsgrunnlag for kommunale plan- og beslutningsprosesser*

1.1. Hvordan brukes kunnskapen i planarbeidet, og eventuelt i andre beslutningsprosesser i kommunen? Vær konkret.

Askøy:

Prosjektet er del av omstillingsprogram Askøy 2020, og inngår i Kommunalavdeling oppvekst sitt program «Mobbefri oppvekst». Kunnskap om oppvekstmiljø som kjem fram gjennom prosjektet skal nyttast i arbeidet med dette programmet, og skal vere med som grunnlag for tiltak på ulike nivå i kommunen.

Kunnskapen i prosjektet vert brukt inn i ulike prosess og planarbeid:

- Program mobbefri oppvekst.
- Plan for trygt og godt skolemiljø (vedtatt 2018).
- Medverknad barn og unge til arealdelen til kommuneplanen – *Min drømmemøteplass* (planprosess under arbeid).

- Kommunedelplan barn og unge (oppstart planprogram haust 2018 – planarbeid 2019/2020).
- Lokal nærmiljøutvikling – (nytt LivOGLyst prosjekt initiert av frivillig sektor).
- Arbeidet med nytt folkehelseprogram (pågåande prosess) – møteplassar barn og unge.
- Oppsummering i innspelsrapport «Hva er viktig for barn og unge?» - Kvalitative data, om trivsel i nærmiljøet, skal inngå i oversiktsdokumentet ved neste revidering.

Resultat frå ei fotoutstilling utvikla gjennom medverknadsprosessar i prosjektet blei presentert for politikarar. Dette gav prosjektet eit høve til å formidle resultata av barna sitt arbeid direkte til dei som tek avgjerder. Gjennom prosjektet er også prosessar frå medverknad med elevar på mellomtrinnet på tre skuler, og elevar på to ungdomskuler inn mot kommuneplanen sin arealdel summert opp i eigen rapport. Dette i eit forsøk på formidle barn og unge sine perspektiv v.h.a. kvalitativ metodikk. Dette er kunnskap som skal direkte nyttast inn i dette planarbeidet.

Bømlo:

Prosjektet er blitt ein del av kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) i 2018. Det har resultert i at ein det siste året i prosjektet har gjennomført «grendamøta» i 12 lokalsamfunn som både oppfølging av dei tre involverte lokalsamfunna, men også er nytta som innspelsmøter til kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS). Kunnskapen er samla i eit dokument der kvart lokalsamfunn har sin matrise for vidare oppfølging. Oppmøte på desse grendamøta er om lag 725 personar som har gjennom bruk av ABCD (Asset based community development) metode/prosess gitt innspel som konkret vert følgt opp i vidare KPS arbeid. Kunnskapen er og konkret nytta i arbeidet med kommunedelplan for helse og omsorg som er vedtatt og i bruk, i pågåande arbeid med kommunedelplan for oppvekst.

Alle innspela er kategoriserte og samla i ei matrise for kvar grend. Der går det tydeleg fram kven som har ansvar for oppfølging og ev. gjennomføring. Desse er og distribuert ut til folkevalde.

Fjell:

Pilotprosjektet vart sett i gang på Bjørøy i 2016 (pilot). Kartlegging av trafikksikring på Bjørøy vart gjort gjennom applikasjonen Trafikkagenten. Kunnskap om kvar innbyggjarane på Bjørøy meiner det bør gå snarvegane har også blitt samla inn, digitalisert og presentert i eit eige kartlag i innsynsløysinga til kommunen. Innspela resulterte i vedtak om at Bjørøy får ein fullverdig tursti i utmark, mellom bustadområde og barnhage/skule. Tiltaket blei prioritert gjennom Kommunedelplan for trafikksikring 2017- 2020 og arbeidet vart starta opp av Eigedomsavdelinga hausten 2018. Kartlegginga har vidare vore brukt i vurdering av skuleskyss for elevar, då vegane er vist å vera for farleg til at elevane kan gå til skulen. Alle data vart digitalisert og presentert for heile befolkninga på Bjørøy og ordførar våren 2017.

Folkehelseoversikta for Fjell kommune vert rullert kvar år, saman med handlingsprogram, budsjett, økonomiplan og planstrategi. Dei viktigaste resultata frå kartlegginga vil innarbeidast i rulleringa av folkehelseoversikta. Folkehelseoversikta er eit kunnskapsgrunnlag kommunen nyttar som grunnlagsinformasjon i utarbeiding av planar.

Kartleggingsprosjektet koplast vidare opp mot konkrete planprosessar. I 2017 og 2018 vart det arbeida spesifikt med Kommunedelplan for Nordre Litlestotra og Kommunedelplan for Straume, som vart starta opp. Førrebeils har det vore planlagt medverknadsverktøy og stand på storsenteret i nærmiljøet, men prosessen har blitt sett på vent.

Stord:

Det er utarbeidd rapport med presentasjon av innbyggjarane sine innspel. Dette er kvalitative data om trivsel i nærmiljøet som vil bli integrert i oversiktsdokument for folkehelse. Denne innspelsrapporten er grunnlagsdokument i tre kommuneplanarbeid: Kommunedelplan Sagvåg og Litlabø, kommunedelplan sentrum, og revisjon av kommuneplanen (samfunn- og arealdel). Dei innspela som er relevante for framtidige kommunedelplanar og temaplanar er lagt som innspelsnotat i saksmappene til desse planarbeida. Rapporten blir nytta i ulike avgjerdsprosessar som budsjettprosess og tenesteutvikling. I ein av bydelane blir kunnskapen brukt i planlegging av ny ungdomsskule og fleirbrukshall. Folkevalde viser til innspelsrapporten i politiske drøftingar.

Kunnskap frå prosjektet blir også brukt av aktørar utanfor kommuneorganisasjonen. Til dømes har eit arkitektfirma brukt funn i innspelsrapporten ved utarbeiding av muligheitsstudie for sentrum. Innspelsrapporten er tilgjengeleg for innbyggjarane på kommunen si nettside, og blir brukt av innbyggjarane i deira argumentasjon rundt utvikling av lokalsamfunnet. Her har lærarar og elevrepresentantar delteke på ABCD-kurs i regi av prosjektet. Elevrepresentantane har brukt kunnskapen frå kurset til å arrangere idédugnad, og har gjennomført aktiviteter på bakgrunn av dette.

Oversiktstabell - kunnskap i plangrunnlaget Hordaland:

Kommune	Innspel brukt i kommunen			Innspel brukt utanfor kommunen	
	Ulike kommunale planar		Oversiktsdokument	Anna	
Askøy	2 kommunale planar	Materiale til framtidige planar	Ja	Grunnlag for tiltaksutvikling. Mobbefri oppvekst Folkehelseprogrammet – tiltaksutvikling barn og unge.	
Bømlo	2 pågåande kommunale delplanar 1 samfunnsdel til kommuneplanen		Ja	Oppfølging i 12 lokalsamfunn	
Fjell	2 pågåande kommunale delplanar 1 kommunedelplan for trafikksikring		Ja	Ulike vurderingar	
Stord	2 pågåande kommunedelplanar 1 Kommuneplan	Materiale til framtidige planar	Ja Kvalitativ kunnskap	Budsjettprosess Tenesteutvikling mm	Arkitektfirma Innbyggjarane Elevar og lærarar

1.2. Hva er eventuelle utfordringer med å få kunnskapen fra prosjektet inn i planarbeid og beslutningsprosesser?

Askøy:

Det å formidle kvalitative innspel er utfordrande. Resultat frå ulike kvantitative undersøkingar står fram som meir faktabaserte, og gir grunnlag for generalisering, trendar, oversiktsbilde på ulike tema - t.d. Ungdata, elevundersøkinga, andre levekårs-undersøkingar (barnefattigdom). Den kommunale organisasjonen er kanskje betre rigga til å nytte kvantitative data som fakta/grunnlag for avgjerder. Dette gjeld spesielt i større plan- og avgjerdsprosesser på overordna nivå. Nærare brukaren er det nok sterkare tradisjon for å ta avgjerder basert på kvalitativ kunnskap; fagkunnskap (basert på erfaring/taus kunnskap) og/el det som kjem fram i dialog med brukarane (barna i bhg., elever el foreldre).

Bømlo:

Det er tverretatleg samarbeid. Det er ein utfordring å vere oppdatert på prosessar som burde vore meir tverrfaglege/tverretatlege. Analyse og vidare bruk av kvalitative data er gode bidrag til prosjektarbeidet, og til planarbeid og har fanga opp at mange har gitt innspel som omhandlar same tema, som t.d. trafikksikring og trong for sosiale møtestader. Innspela er frå både barn/unge og seniorane.

Fjell:

Utfordringar med å få kunnskapen om skuleveg og viktige plassar inn i planarbeidet og avgjerdsprosessar er blant anna timing. I prosjektet har ein erfart viktigheita av å komme med kunnskapen i rett tid før planar rullerast og prioriteringar vert gjort, og det kan vere krevjande å få til. Det krev at ein får involvert politikarane på ein god måte frå start.

Stord:

I prosjektarbeidet er det lagt vekt på å få fram dei individuelle stemmene. Dette har gitt stor bredde i innspela. Utfordringa er å gi dei einskilde innspela nok tyngde til å nå fram i plan- og avgjerdsprosessar. Det har også vore utfordrande å finne gode måtar å presentere/formidle store mengder innspel utan å miste viktige stemmer.

1.3. Hvordan er data/informasjon fra kartleggingsarbeid sett i sammenheng med andre datakilder (f.eks. folkehelseprofiler, Ungdata m.fl.), og eventuelt med annen kunnskap (f.eks. fagkunnskap). Skriv kort om det. Hvis ikke: Hva er planen for å gjøre det?

Askøy:

I utviklinga av eit nytt tiltaksprosjekt i kommunen (folkehelseprogram barn og unge) har vi kopla saman kunnskap om nærmiljøkvalitetar frå fleire kjelder. Ei rekke ulike prosjekt og program i kommunen har vore bidragsytarar til auka kunnskap om nærmiljøkvalitetar (barn og unge sine behov for sosiale møteplasser), saman med kunnskap frå nærmiljøprosjektet:

- Ungdata-undersøkinga på Askøy – 2017.
- Barnefattigdomsprosjektet.
- Barn og unge sine innspel til Kommuneplanen sin arealdel Nærmiljøprosjektet – nærmiljøkvalitetar.
- Programområde Mobbefri oppvekst – her inngår ei rekke prosjekt i barnehagar og skole, som alle har eit felles mål om å bidra til redusert mobbing og auka trivsel.
- Kommunedelplan oppvekst – medverknadsprosesser barn og unge. Haust 2019.

Bømlo:

Vi ser at det er mykje av dei same problemstillingane som går igjen. T.d. utfordring med eit godt nok kollektivtilbod er spelt inn frå kvart einaste «grendamøte», ungdatabeundersøkinga og no også i Folkehelseundersøkinga 2018 for Hordaland fylke gjort i regi av Hordaland fylkeskommune i lag med Folkehelseinstituttet. Det kan óg gjelde fleire problemstillingar som trafikktryggleik og sosiale møteplassar.

Fjell:

Trafikkagenten og snarveg-workshop har bidrege til at kommunen har fått innspel om trafikksikkerheit og snarvegar frå born og unge, som på ein god måte supplerer dei kvantitative data ein har frå før. Tidlegare har innspel om problemområde når det gjeld trafikksikring kome frå ressurssterke grupper som FAU, velforeiningar og engasjerte enkeltpersonar. Prosjektet har skapt ei betre forståing av korleis dei små ser på utfordringar og ressursar, og kva dei ønskjer seg i nærmiljøa.

Kunnskapen som vert samla inn gjennom pilotprosjektet blir kopla til folkehelseoversikta og neste steg med medverknadsprosess sørgjer for å danna kunnskapsgrunnlag til dei to kommunedelplanane. På skulane Bjarøy, Brattholmen, Foldnes og Danielsen lærte ein gjennom prosjektet at barn er opptatt av skulevegen sin, og har både kunnskap og erfaring, som er verdifull for både kommunen og resten av befolkninga på øya. Ein såg også at det ikkje alltid er store tiltak som skal til for å gjera skulevegen tryggare.

Stord:

Innsamla innspel er systematisert og kategorisert. Teikningar m.m. er tolka og formidla skriftleg. Einskilde barnehagar har hatt faglege refleksjonar rundt barna sine innspel. Utover dette er innspela i liten grad endra. Kopling til anna kunnskap skjer i dei prosessane der innspela blir nytta. I utarbeiding av nytt oversiktsdokument for helsetilstanden vil kunnskap frå prosjektet bli kopla til andre kunnskapskjelder. Det same gjeld for plan- og utviklingsarbeid generelt.

Kunnskap om barn sine behov for tilgang til naturområde har ført til at naturområde i bruk av

barnehagar/skular (hundremeterskogar) er kartlagt og er planlagt å inngå i kommunen si oversikt over verdsette naturområde. Det blir samarbeidd med kartverket for å finne tekniske løysingar på korleis slike registreringar kan leggjast inn i eksisterande kart.

Det er eit relativt omfattande arbeid å systematisere store mengder kvalitative innspel og presentere dei på ein måte som er tenleg for bruk i planprosessar og utviklingsarbeid. Dette krev både ressursar og kompetanse, og kan vere ei barriere for å gjennomføre breie medverknadsprosessar. Det vil difor vere nyttig å utvikle verktøy som gjer denne prosessen enklare og mindre ressurskrevjande. Eit sentralt vilkår er at alle stemmer må bli høyrte, enkeltstående innspel kan ha like stor verdi som «fleirtalsmeiningar».

1.4. Hva har prosjektet lagt vekt på når det gjelder å dokumentere kunnskapen overfor politikerne og administrasjonen i kommunen? Hvordan er dokumentasjonen formidlet?

Askøy:

Prosjekteigar er kommunalsjef oppvekst. Prosjekteigar har delteke undervegs i prosjektet på ulike arenaer og sørga for at resultata har blitt presentert på ulike administrative og politiske nivå i kommunen. Politiske utval har fått statusmeldingar undervegs i prosjektet. Prosjektleiari har orientert Utval for oppvekst, i tillegg har politikarane blitt orienterte på eigen seminardag med tema Mobbefri oppvekst. Styringsgruppe for prosjektet er Samarbeidsutvalet for barn og unge. I dette utvalet vert administrativ leiing i kommunen orientert. Erfaringar frå prosjektet er formidla ved å presentere film/bilde frå prosjektet, og i dialog med prosjektdeltakerar.

Det har vore eit mål å presentere kvifor det er viktig å få frem barn og unge si stemme gjennom medverknad, og korleis dette er mogleg å gjennomføre. Det har og vore eit mål å vise korleis det gjennom medverknad er mogleg å auke kunnskapen om kva barn og unge ser som positive og negative faktorar i eige nærmiljø/oppvekstmiljø.

Kommunen har målretta dokumentert og formidla frå nærmiljøprosjektet som mellom anna:

- Fotostemmer – oppsummering frå barna/elevane si kartlegging av lokalt oppvekstmiljø. Dette vert tilgjengeleg på skulens youtube-kanal. Er óg gitt til prosjektleiari for LivOGLyst prosjektet (frivillig) slik et dei kan nytte filmene i sitt vidare utviklingsarbeid for lokalsamfunnet.
- Oppsummering i rapportane:
 - «*Min drømmemøteplass*» – oppsummering frå medverknad med barn og unge til kommuneplanen sin arealdel.
 - «*Hva mener barn og unge*»? Oppsummerande rapport frå prosjektet – skal ferdigstillast våren 2019.
- Resultat/erfaringar frå prosjektet blei presentert på Askøykonferansen 2019. Her fekk mellom anna to elevar frå mellomtrinnet fortelje om sine erfaringar frå deltaking i lokal medverknad (fotostemmer, utstilling, etterarbeid). Denne konferansen er ein tverrfaglig konferanse for dei som arbeider med tenester knytt til barn og unge/folkehelse for barn og unge. Politiske utvalsleiarar (utval for oppvekst og utval for levekår) deltok og på konferansen.
- Erfaringar frå prosjektet har og vorte presentert på samlingar regionalt i Hordaland og på felles samling for Hordaland og Rogaland. Det vart og presentert på nasjonal sluttkonferanse i Stavanger.
- Delprosjekt/pilot «Hetlevik eit godt sted å vakse opp» fekk positiv omtale i lokalpressen.

Kommunen skal supplere folkehelseoversikten for Askøy kommune med start våren 2019.

Bømlo:

Styringsgruppe for prosjektet er satt saman av øvste politiske og administrative leining i kommunen. Prosjektet har vore og informert i politiske utval og kommunestyret. Politikarane har får alle innspel gitt i prosjektet og samla oppsett frå alle grendautval.

Etter innspel frå politikarane i kommunestyret vart det i 2018 invitert til grendamøter i alle lokalsamfunna (til saman 12), og ikkje berre i dei tre utvalde lokalsamfunna som har delteke i heile prosjektperioden.

Det er utarbeidd eit dokument der grendamøta sitt «oversiktsark» er kategorisert med kvar dei høyrer til, og kven som har eit ansvar for å følgje opp. Den måten å systematisere innspela på er utvikla i Bømlo i prosjektarbeidet. Det for å få oversikt, men også ansvarleggjere for vidare oppfølging.

Vedlagt ligg eit døme frå eit grendamøte:

Kategorisering av samla innspel frå Finnås 30.09.18

Innspel FGU kan følgje opp i lag med innbyggjarane	Innspel til kommuneplanarbeidet	Innspel Helse til leinga helse	Innspel innan skule til leinga skule	Innspel trafikkisikring kommunen/SVV	Innspel kollektiv - Skyss	Innspel næringsliv
Større aktivitet i eksisterande lagshus Lysløype (turløype) Gjere det attraktivt for folk å flytte her til	Bømlo må bli ein økokommune For å verne mat-jorda (beite og dyrkbare hagar) Viktig at Finnås <u>forblir</u> eit «Delsenter» i kommunen, ikkje berre nærsenter	Velferdsbustad Omsorgsplassar	Oppgradering av Skulen sin gymsal- idrettshall – <u>grendahusfunksjon</u> FLEIRBRUKSHALL/ «SAMLINGSSTOVA!	Gang og sykkelveg til skulen for alle barn	Mindre (storleik) og fleire bussar	Kunstprosjekt, hotell på Havlandtomta Behalde Bensinstasjon og verkstad
Heimkomedag for heile bygda Nye landsmenn til bygda	Båtplasser, Bruke «badelandtomta» til beste for bygda	Legevakta <u>tilbake</u> til Bømlo	Styrke vidaregåande utdanning	Gang og sykkelveg i heile skulekrinsen på ny veg	Betre kollektivtilbod	Beholde nærbutikken Mulighet for Camping/overnatting
Klatrehall/park Aktivitetspark Bygdekino Facebooksida oppdatert	Kommunale tomter Ikkje berre hektiske og yrande liv om sommaren og «dødt» på vinteren	Lønna ressurs som koordinerer frivillig aktivitet og organisasjonar	Behalde skulen! Skule + Barnehage får leva			Industri område, arbeidsplassar, næringsareal Krematorium
Merka turløyper Finnås skal vere eit kultursentrum Samlingsplassar for alle	kommune som er positiv til nybygging-nyetablering/tomter «Alt» skal ikkje sentraliserast til Bremnes Sjøtomter	Aktivitetssenter for eldre Trivsels hus / <u>tilbod</u>				Etablere nye bedrifter/ Næringslivet Turisme – telegrafstasjon, <u>Kulleseidkanalen</u>

Fjell:

I prosjektet har ein ønska å fokusera på skular som er tilknytt eit aktuelt område, der det er planprosessar som skal starte opp eller allereie er starta opp. Ein har også forsøkt å synleggjere viktigeita av å få innspel frå barn og unge om eit tema som i aller høgaste grad påverkar dei sjølv, og som dei har meiningar om. Dokumentasjonen er hovudsakleg formidla gjennom rapportering.

Stord:

Eit mål med prosjektet har var å få fram dei «svake» stemmene. Det er difor lagt vekt på at alle innspel skal bli høyrte og formidla til dei som skal ta avgjersler. Prosjektgruppa har utarbeidd rapport med presentasjon av innbyggjarane sine innspel. Denne innspelsrapporten er tilgjengeleg for innbyggjarane på kommunen si nettside. Rapporten er sendt til strategisk leining og einingsleiarane, og er formidla som referatsak til alle politiske utval. Prosjektarbeidet og kunnskapen det har gitt er presentert for kommunestyret to gonger. Rapporten har også fått omtale i lokale medium. Skulane og barnehagane har laga utstillingar og felles innspelpresentasjonar der administrativ og politisk leining, einingsleiarar og fagpersonar har delteke.

Alle innspel er kategoriserte utifrå kvar tiltaket kan forankrast, og er formidla skriftleg til dei aktuelle aktørane. T.d. er innspel til planlegging samla i innspelsdokument i saksmappene til pågåande og framtidige planprosessar, og innspel til næringsaktørar og frivillige lag er sendt som brev.

Oppsett tabell for kategorisering Stord (etter modell frå Bømlo kommune):

<i>Frivillige lag/ innbyggjargrupper</i>	<i>Næringsdrivande</i>	<i>Kommuneleiinga/ kommunale tenester</i>	<i>Kommuneplan</i>	<i>Kommunedelplanar Temaplanar</i>
--	------------------------	---	--------------------	--

1.5. Hvordan er hensynet til sosial ulikhet ivaretatt i oversiktsarbeidet? Eventuelt: Hva oppleves som hovedutfordringer for å styrke vektleggingen av dette hensynet?

Askøy:

Sosial ulikskap er ikkje drøfta innan ramma av nærmiljøprosjektet, men eit mål med nærmiljøprosjektet er å betre kunnskapsgrunnlaget. Kommunen har fleire utviklingsprogram/prosjekt med sosial ulikhet som tema, t.d. Barnefattigdom, Bustadsosialt velferdsprogram, Ein landsby rundt sårbare familiar. Erfaring frå desse prosjekta, og frå nærmiljøprosjektet, skal takast med i revidering av oversiktsdokumentet for folkehelsa.

Bømlo:

Vi har i prosjektet nytta metode/prosess Asset based community development (ABCD) som har fokus på ressurskartlegging, ressursmobilisering og ressurskopling. I denne samanhengen har fokus på å få med òg dei som vanlegvis ikkje deltar vore viktig. Det har resultert i at ein utfordrar kvarandre til å sjå på alle som ein ressurs og spørje nokon ein ikkje har spurd før. Konkrete tilfelle har medført deltaking frå folk som diverre ikkje alltid tidlegare vert sett på som ein ressurs.

Fjell:

Fjell har teke med dei data ein har tilgjengeleg som kan sei noko om sosial ulikskap i kommunen, som til dømes ulikskap i inntekt, einslege forsørgjarar, låginntektsushald og arbeidsløyse.

Stord:

Sosiale helseskilnader er eitt av fem prioriterte tema for laupande oversikt over folkehelsa i Stord. I nærmiljøprosjektet har omsynet til sosiale skilnader blitt lagt til grunn ved val av målgrupper, arenaer og metodar for medverknad. Det er etablert samarbeid med tenester og organisasjonar som er tett på utsette grupper, m.a. bustadtenesta, frelsesarmeen og utekontakten. Ei utfordring er å nå fram til etniske minoritetar med lite norskkunnskap.

1.6 Hva har Nærmiljøprosjektet bidratt til når det gjeld (grunnlaget for) utarbeiding av kommunale folkehelseoversikter?

Askøy:

Nærmiljøprosjektet har ikkje enno konkret bidrege til oversiktsdokumentet for folkehelsa. Men derimot har prosjektet gjeve muligheit til å formidle barn og unge sine perspektiv til dei som tek avgjerder på ulike nivå i kommunen, og til vaksne i barna sitt eige lokalmiljø. Resultata frå fotoutstillinga blei bl.a. presentert for politikarar. Dette gav ein muligheit til å formidle resultatet av barna sitt arbeid direkte. Gjennom prosjektet er også innspela frå medverknadsprosessar som skal nyttast som kunnskapsgrunnlag i arealdelen summert opp i eigen rapport. Dette i eit forsøk på formidle barn og unge sine perspektiv v.h.a. kvalitativ metodikk. Prosjektet sitt fokus har vore på metodar for medverknad for barn og unge, korleis å frøm barn og unge sine stemmer og synet deira på eige oppvekstmiljø. Erfaring og kunnskap frå nærmiljøprosjektet, skal takast med i revidering av oversiktsdokumentet for folkehelsa. Dette arbeidet er ikkje starta opp.

Bømlo:

Vi nyttar kunnskapen aktivt i arbeidet med 3. generasjon oversiktsdokument i kommunen. I tillegg vert kunnskapen nytta gjennom aktiv oppfølging av ulike prosjekt som er direkte resultat av prosjektarbeidet i dei ulike lokalsamfunna som har gjennomført medverknadsprosessar.

Fjell:

Nærmiljøprosjektet har bidrege med kvalitativt datagrunnlag om befolkninga sine opplevingar av skuleveg. Tilbakemeldingane er viktig for å få eit betre bilete av kva som er bra og dårleg, og gjer det lettare å ta gode avgjersler fram i tid.

Stord:

Nærmiljøprosjektet har gitt verdifull kvalitativ kunnskap innanfor dei temaa som har hatt merksemd i prosjektet. Denne kunnskapen vil blir integrert i revideringa av kommunen si folkehelseoversikt. Prosjektet har også gitt erfaring i bruk av kvalitative metodar, noko som vil vere nyttig ved vidare arbeid med å hente inn informasjon.

Status oversiktsarbeid - Kommunale folkehelseoversikter

kommune	ja	når
Askøy	x	19
Bømlo	x	19
Fjell	x	19
Stord	x	19

Delmål 2: Bedre kunnskap om hva som bidrar til livskvalitet og trivsel, og om hvordan folk har det i lokalsamfunnene. Forståelse av livskvalitet, jf. Hdirs nettside, Veiviseren: "Å ha det bra, ha ressurser til å håndtere hverdagslivets utfordringer, føle tilhørighet, oppleve mening, kunne utvikle seg og være i gode relasjoner".)

2.1 Gi noen stikkord eller beskriv, basert på kunnskap som er samlet, om hva som bidrar til livskvalitet og trivsel, gjerne knyttet til de gruppene det er samlet kunnskap om, som kan være innbyggerne generelt, barn, unge, eldre osv.

Askøy:

Målgruppene i prosjektet er barn og unge. Stikkord på kva nærmiljøkvaliteter som bidreg til livskvalitet og trivsel som har kome fram gjennom ulike medverknadsprosessar er vist under. Desse er:

- Film om medverknad:
 - Kva betyr medverknad for barn og unge – å bli høyrte i saker som gjeld dei sjølv er viktig.
- Padletprosess på elevdag for ungdomstrinn/vgs.:
 - Ung til ung formidling skaper engasjement blant dei unge.
 - Trygge vaksne som er tilgjengelige for å snakke med dei unge.
 - Kultur- og fritidstilbod, kurs og aktivitetar i ferier.
- Hetlevik eit godt sted å bu:
 - Elevene ser seg sjølv som viktige bidragsytarar i avgjerder som betyr noko for kvardagen deira.
 - Oppleving av at dei vaksne ser oss – mobilisering i lokalsamfunnet aukar trivsel og tryggleik for barna.
 - Sosial identitet og tilhøyrslse – medverknad gjev høve for sosial samhandling med andre i eige lokal/nærmiljø.
 - Muligheit for varierte aktivitetar/leik på skoleplassen (for de minste).
 - Vener.
 - Nærskule (dei eldste elevene).
 - Fritidsaktivitetar i eige nærmiljø, lokal fotballbane, turløype, annen idrett, båt-liv og strand.
 - Møteplassar i eige nærmiljø (desentralisert).
- Kommuneplanens arealdel:
 - Møteplassar for ungdom (frå 11 til 15) i eige nærmiljø. Ein stad å treffast utanfor skole og organiserte aktivitetar.
 - Ønskje om variasjon i type aktivitetar – utforming av uterom.

Bømlo:

Målgruppene i Bømlo var i byrjinga barn og unge i grunnskulen og eldre i aldersgruppa 67 – 79 år. Ettersom prosjektet har utvikla seg så har det omfatta innbyggjarane i grendene på tvers av alder. Innspela som tidlegare nemnd syner at det er mykje samsvar i innspela/svara på tvers av generasjonane. Positive faktorar for trivsel er møteplassar. Flott natur med mange turstiar, også universelle, med tilgang til sjø og båtliv.

Fjell:

- Å bli høyrd og få medverke. Gjeld både barn, unge, vaksne og eldre.
- Samla og kopla folk saman.
- La målgruppa få vera med å ta eigarskap i den grad det er mogleg.
- Legga opp til at innbyggjarane også må ta del i å løyse utfordringane.
- Det er viktig å føla seg trygg på skulevegen for å skapa gode nærmiljø
- Det finnast mange lågthengande frukter som kommunen, velforeiningar eller skulen kan dra nytte av for trivsel og betre nærmiljø. Som til dømes å saga ned nokre buskar eller legga ned nokre pallar over ei våt myr.

Stord:

Målgrupper i prosjektet har vore innbyggjarane generelt, med særskilt fokus på «dei svake stemmene» - grupper som til vanleg er lite involverte i planprosessar. Tema har vore sosiale møteplassar og trivsel i nærmiljøa.

Kunnskap frå kartlegginga:

- Sosiale møteplassar fremjar fellesskap og skapar nettverk mellom folk. Svara i undersøkinga viser at folk i nærmiljøa oftast møtes i nærbutikken, på tur i naturen, i nabolaget, i sentrum/ på kjøpesenter, eller i samband med organiserte fritidsaktivitetar. For barn og unge er også skulen ein viktig møteplass. Dei eldste skuleelevane møtes oftast heime hos kvarandre på fritida. Opne tilbod som kino, bowling og bibliotek, og tilrettelagte møteplassar kan ha stor verdi for personar med ulike utfordringar.
- På spørsmål om kva som kan vere til hinder for at ein deltek i felles aktivitetar, er tid og tilgjenge dei viktigaste årsakene. Andre større grunnar er økonomi, helse, mangel på informasjon og manglande tilbod.
- Nærleik til natur, og gode tilhøve for friluftsliv går igjen i heile kommunen som den viktigaste faktoren for trivsel. Frivillige organisasjonar sine tilbod, idrettsanlegg og kulturtilbod er også viktig, det same gjeld handel- og sørvistilbod.
- Gode bumiljø og velstelte omgjevnader betyr mykje. For personar med ulike utfordringar kan dei uformelle møteplassane ha stor verdi. Barn i barnehage føretrekk oftast urørt natur framfor tilrettelagte leikeplassar. Dei ønskjer stadar der dei kan klatre, grave, oppdage, gøyme seg og få utfalde fantasien. For dei litt større barna er uteområda i nabolaget viktig. Både tilrettelagte, utfordrande leikeplassar og kontakt med naturen og med dyr blir trekt fram.
- Sjølv om kommunen er relativt liten i utstrekning, er det mange som trekkjer fram lokale, desentraliserte tilbod som viktig for deltaking. Dette kan ha samanheng med at det kollektive transporttilbodet blir opplevd som lite tilpassa til behov.

Det er kome mange forslag til nye tiltak som kan fremje trivsel og sosialt fellesskap.

- Det er eit klart ønskje om fleire opne tilbod/møteplassar tilpassa ulike grupper - gjerne også på tvers av grupper/generasjonar. Etablering/rehabilitering av nærmiljøanlegg i bustadområda blir løfta fram av mange. Meir tilrettelegging for friluftsliv og bevaring av naturområder er sentralt i innspela. Mange ønskjer betre kollektivtilbod mellom bydelane.
- I sentrum er det ønskje om gode byrom der folk i alle aldrar kan trivast. Estetisk fine omgjevnader er viktig. Kontakt med sjøen betyr mykje, og sentrumsnære møteplassar ved sjøen blir trekt fram.
- Ein del innspel er retta mot styringa av kommunen. Lokale arbeidsplassar, skuletilbod og styrking av bydelane er trekt fram. Det same er omsyn til lokal byggeskikk ved byutviklinga. Gode høve til medverknad i utviklingsprosessane er viktig, og det kjem fram fleire forslag til måtar å involvere innbyggjarane.

2.2. Hva oppfatter dere er begrunnelsene for at disse faktorene (forholdene) bidrar til livskvalitet og trivsel?

Askøy:

Masteroppgåve frå prosjektet (fotostemme), indikerer at elevene ser seg sjølve som viktige bidragsytarar i avgjerder som betyr noko for kvardagen deira. Ein annan kvalitet som kom fram, var høve for sosial samhandling med andre i eige lokal/nærmiljø. Barna si oppleving av at dei vaksne ser oss, og mobilisering i lokalsamfunnet bidreg til å auke trivsel og tryggleik for barna. Medverknad gjev høve for sosial samhandling med andre i eige lokal/nærmiljø. Sjå elles 2.1.

Bømlo:

Relativt små lokalsamfunn der mange føler trygghet, dei kjenner naboar og har slekt rundt seg. Mange både unge og eldre angir «møteplassar på tvers av generasjonane». Nærleik til naturen, kan gå til tursti og badeplassar er oppgitt gir auka livskvalitet og trivsel.

Fjell:

Når innbyggjarane blir sett og høyrte, og ser verdi og resultat av innsats dei har lagt ned, verkar det å bidra til livskvalitet og trivsel. I prosjektet har innbyggjarar gjeve tilbakemeldingar om noko som vil gjere dei tryggare i sitt nærmiljø. Når ein får tryggare skuleveggar så vil det gjere det lettare å vere fysisk aktiv på vei til og frå skule, noko som også bidreg til livskvalitet og trivsel.

Stord:

Kontakt med natur er viktig for barn fordi det gir varierte utfordringar og høve til å bruke fantasi og skape sin eigen leik. Det er ingen «fasit» på aktiviteten, alle kan meistre. Barna nemner også stilla/ro og sanseintrykk som viktig. Vaksne nyttar naturen som rekreasjon og kjelde til gode opplevingar, og som arena for fysisk aktivitet. Fysiske møteplassar er viktig for sosial kontakt og nettverksbygging for alle grupper. Lågterskeltilbod fremjar sosial deltaking blant utsette grupper og motverkar einsemd og utanforskap. Tilbod på tvers av grupper fremjar tillit og tilhøyrslø.

Delmål 3: *Utvikling og bruk av egnede metoder i medvirkningsarbeidet og bruk av disse. (Medvirkning må bli en verdi, en måte å tenke/arbeide på i kommunene).*

3.1: Hvilke medvirkningstiltak og metoder er brukt og hvilke erfaringer har dere med bruk av disse?**Askøy:**

Gjennom delprosjekta er det brukt fleire former for medverknad (metodikk).

- Representantar frå Ungdommens kommunestyre – intervju/refleksjon (film) om tema medverknad
- Prosess (IGP = Individuelt – Gruppe – Plenum med oppsummering på padlet) med elevar frå ungdomstrinn og vidaregåande skole.
- «*Hetlevik et godt sted å bo*»: bruk av fotostemme (barna/elevane), utstilling med tilrettelegging for dialog mellom barn og vaksne, og ABCD (mobilisering av lokalmiljø).
- Kommuneplanen sin arealdel – prosessarbeid med elevar på mellomtrinn og ungdomstrinn – «*Min drømmemøteplass*».

Viktige erfaringar er at ved gjennomføre prosessorientert medverknad så opplever barn og unge å bli høyrde. Andre erfaringar er også at det gjennom prosessen kjem fram andre perspektiv på nærmiljøkvalitetar (positive og negative) enn ved berre vaksen/profesjonell prosess. Direkte formidling av barna sine perspektiv mellom barn til vaksne kan engasjere kjensler og har ein mobiliserande effekt.

Bømlo:

Kvalitative spørjeundersøkingar, same skjema for barn/unge og for aldersgruppa 67-79 år. «Ut av huset» kartlegging, områderegistrering på flyfoto for å kartlegge dei ulike aktivitetane i lokalsamfunnet og for å få oversikt over geografisk plassering. ABCD metode/prosess, fokus på ressurskartlegging, ressursmobilisering og ressurskobling.

Ved bruk av «ut av huset kartlegging» der elevar på 5., 8. og 10. klassetrinn registrerte på kvart sitt flyfoto av sitt lokalsamfunn kvar dei var i fritida si. Om dei ikkje var i sitt nærmiljø kunne dei skrive anna stad i kommunen eller utanfor kommunen. Då kom det fram at områder og tilbod var meir i bruk enn antatt, at tilbod vart brukt på tvers av organisasjonane og at t.d. ein større grusbane mange meinte ikkje vart brukt

i det heile, der hadde barna oppgitt at var mykje i bruk. Der ble ev. planlagde prosjekt endra på som ein konsekvens av det.

Fjell:

Trafikkagenten

Kartleggingsverktøy utvikla i eit forskings- og utviklingsarbeid mellom Transportøkonomisk institutt (TØI), Forskningsrådet, CapGemini og Bymiljøetaten i Oslo. Applikasjonen er utvikla til mobil og nettbrett, der barna kan melda om positive og utfordrande punkt og strekkingar på skulevegen.

Målgruppe: Skuleelevar: 4.-7. trinn ved Bjorøy skule, Ungdommar: sju ungdommar mellom 15-19 år, Vaksne: ti vaksne mellom 20-60 år, Seniorar: ti seniorar mellom 60-75 år.

Vidareføringa av prosjektet på Foldnes og Brattholmen vart gjort av 5.-7.klasse, og 6.klasse på Danielsen skule. Sjølvne appen fungerte godt mot alle gruppene som var med i kartlegginga, sett bort frå 4.klassetrinn på Bjorøy skule. Desse borna vart mogleg litt for unge til å gjera kartlegging med mobil då fleire ikkje hadde smarttelefon eller hadde sperringar for bruk av mobilnett, difor valte ein å utelata 4.klasse i neste runde med kartlegging. Det løyste seg likevel greitt med lånetelefonar på skulane.

Når det gjeld kartlegging frå velforeining med ungdommar, som vart gjort i piloten på Bjorøy, så kom det færre innspel frå desse enn frå elevane. Litt av årsaka var nok at det blei mykje informasjon på ein gong når det var samtidig som kart-workshop, og fordi elevane hadde eit opplegg med lærar. Samtidig låg det inne ei avgrensing i Trafikkagenten under pilotprosjektet der lærar/administrator ikkje får tilgang til kartlegging som er registrert på ettermiddag, på grunn av personvern. Sidan mykje av arbeidet blir gjort på ettermiddag, var det då mykje kommunen gjekk glipp av. Utfordringa vart ordna frå utviklaren i andre runde, med Foldnes skule, så den utfordringa vart ikkje eit hinder for Brattholmen og Danielsen skular.

Trafikkagenten fungerte godt for å få innspel om trafikksikring og gjev stor nøyaktigheit på grunn av GPS-sporing. For dei aller yngste er appen vanskeleg å bruka, men med tilpassing og hjelp frå foreldre kan det brukast av desse også. Ungdommar og vaksne kan også fint nytta Trafikkagenten, men det er mogleg den blir «for barnslig» med lek og spion-tilnærminga. Likevel er den enkel å bruke for unge, vaksne og eldre. Fjell opplevde likevel å få mest tilbakemeldingar frå elevane, då dette var eit meir organisert opplegg der lærarane tok ansvar for å legge til rette for bruk av appen.

Mental Mapping (Kevin Lynch)

Korleis forstå nærmiljøet og bruken av aktiv transport gjennom bruk av Mental Mapping: skuleelevane nytta subjektiv hukommelse/oppleving/kjensle (abstrakt), dei nytta si forståing av rommet og opplevingar/kjensler vart «geo-referert».

Målgruppe: Deltakarar: 7. trinn ved Bjorøy skule (17 elevar).

Workshop 3-timar i samarbeid med velforeininga

Målgruppe: Skuleelevar: 7. trinn ved Bjorøy skule (17 elevar), Ungdommar: sju ungdommar mellom 15-19 år, Vaksne: ti vaksne mellom 20-60 år, Seniorar: ti seniorar mellom 60-75 år

Desse to metodane fungerte veldig godt mot målgruppene. Det vart gjort vurdering på at mental mapping var mest aktuell for elevane, og ikkje mot vaksne og eldre. Basert på tilbakemeldingar frå læraren vart det bestemt at elevane først skulle teikna snarvegar på eige kart (A1), for deretter å sette dei saman i grupper med større kart (A0).

På kartworkshop med Bjorøy og Tyssøy velforeining gjekk ein rett på gruppekart, der både ungdom, vaksne og eldre samarbeida. Oppgåva vart forklart tydeleg og GIS-koordinator frå kommunen gav litt innføring i kart og forståing til både elevane og velforeininga. Tilbakemeldingane frå gruppa var positiv. Det var ein inspirerende kveld for både prosjektgruppa og deltakarane. Fjell har utarbeida ei evaluering av pilotprosjektet på Bjorøy både for å kunne læra sjølv og formidla til andre kva som fungerte og ikkje fungerte.

Kartworkshopane gav kommunen dei svara ein ønska, men gjennom erfaring ser ein at det er nødvendig å vera svært konkret om kva ein ønskjer tilbakemelding om. I dei to gruppene ba ein om tilbakemeldingar på fleire vegar som gruppene nytta til ulike formål, som gjorde at det blei overflødig informasjon til vårt

prosjekt. Likevel er det god informasjon å ha til andre prosessar og vurderingar hos plan, kultur, eigedom og skule.

Kartdigitalisering

Registreringar i Trafikkagenten, gruppearbeidet frå Mental Mapping og workshopen har blitt digitalisert og ligg i GIS-kartdatabasen. Det vart brukt mykje tid på å avklare korleis Fjell skulle få digitalisert data frå kartleggingane og ein enda opp med å hente inn konsulent til å gjere jobben. GIS-koordinatoren som hadde ansvaret lærte samtidig metoden, slik at kommunen kunne gjere framtidige digitalisering sjølv.

Min favorittplass/ Adaptive

Eit digitalt verktøy der ein sjølv kan legge inn punkt, strekkingar eller område ein er oppteken av, rett inn i kartløyninga til kommunen. 2017 og 2018 har vore brukt til å planlegge neste fase i prosjektet inn mot kommunedelplanane og kva metodar og verktøy som skal brukast. Sjølv om kart- og mental mapping-workshop fungerte godt har kommunen ønska å testa ut digitalt kartverktøy frå Adaptive, og denne skal nyttast ut mot heile befolkninga.

Stord:

Følgjande arenaer vart nytta til medverknadstiltak:

Barnehage, barneskule, ungdomsskule, vidaregåande skule, arbeidsplass, nærbutikk, turveg/friluftsområde, frivillige organisasjonar, etablerte organiserte møteplassar for utsette grupper, kommunal nettside og face-book.

Metodar:

Det vart utarbeidd nokre opne spørsmål som vart tilpassa dei ulike målgruppene. Barnehagane nytta kreative metodar som teikning og foto i tillegg til observasjon, barneintervju og gruppesamtalar. Skulane hadde prosjekt og gruppearbeid, og innspel vart formidla gjennom teikning, foto/film, veggavis, modellar, tablå, pp-presentasjonar og munnlege framlegg. På andre arenaer vart nytta semistrukturert intervju/ gruppesamtale eller skriftlege spørsmål på papir eller digitalt. Lærarar og elevrepresentantar har delteke på ABCD-kurs i regi av prosjektet, og elevrepresentantane nytta ABCD-metodikk til å arrangere idédugnad for skuleelevar.

Erfaringar:

Skule og barnehage er gode arenaer for å nå dei fleste barn. Dei tilsette har kunnskap og kompetanse til å gjennomføre medverknadsprosessar som er tilpassa lokale tilhøve. Organisasjonsforma og samsvar med faglege føringar legg til rette for å gjennomføre gode medverknadsprosessar innanfor vanleg drift.

Nærbutikker og turområde er godt eigna til å nå breidda i innbyggjarane. Ved å vere til stades på ulike tider av dagen når ein ulike grupper. Fleirtalet valde å gi innspel skriftleg på papir, uventa få svarte digitalt.

Gruppesamtalar i etablerte forum/møteplassar er eit viktig supplement for å nå særskilte grupper, t.d. innvandrarar og utviklingshemma. ABCD-metodikk synes å vere ein god måte til å skape engasjement og å involvere større grupper.

Oversikt over metodar/verky nytta i Hordaland

Askøy	Fjell	Bømlo	Stord
Refleksjonsfilm om medverknad	Trafikkagenten	Kartlegging av aktivitetstilbod	Kafedialog
Prosess (IGP)Fotostemme (foto/teikningar)	Film frå elevar Prosjektarbeid i skule	Ut av huset kartlegging/sosiokulturell analyse	Prosjektarbeid og gruppearbeid i skulen (film/foto, teikning, veggavis, modellar, tablå, pp-presentasjonar og munnlege framlegg
Elevdag	Mental mapping (Kevin Lynch)	Kartdigitalisering	
Utstilling	Workshop	Spørjeundersøking – opne spørsmål	Kreative metodar som teikning og foto
Styrkebasert tilnærming ABCD (mobilisering lokalmiljø)	Kartdigitalisering	Styrkebasert tilnærming ABCD	Observasjon, barneintervju og gruppesamtalar
Samarbeidsmøte			Stand
Prosessarbeid			Semistrukturert intervju/ gruppesamtale
			Internett
			Styrkebasert tilnærming ABCD – idédugnad

3.2. Er medvirkning brukt inn i arbeidet med selve plandokumentet? Ev. hvordan?

Askøy:

Prosjekt «*medvirkning for mobbefritt oppvekstmiljø*» har ikkje vore knytt til eit særskilt plandokument, men det har vore gjennomført fleire prosesser for å få fram barn og unge sine stemmer. I første prosjektfase vart kunnskap om medverknad brukt inn i arbeidet med kommunen si plan for trygt og godt skulemiljø, i ein seinare fase vart prosjektet koplet til rullering av kommuneplanens arealdel gjennom arbeidet med «Min drømmemøteplass». I delprosjektet «Hetlevik eit godt sted å bo» har deltakar i prosjektet frå frivillige lag brukt innspel frå barna i bygda til tiltak lokalt. Kommunen er no i gong med planprogram for kommunedelplan for barn og unge. Her er medverknad med barn og unge ein viktig del av planprosessen. Resultata og erfaring frå prosjektet skal summerast opp i egen rapport i tillegg til eigen oppsummering frå «Min drømmemøteplass».

Bømlo:

Gjennom bruk av ABCD i grendamøter og innspelsmøter til planarbeid.

Fjell:

Medverknad er brukt inn i plandokumentet gjennom interessegrupper og utval.

Stord:

Prosjektgruppa har vore samansett av om lag 50% innbyggjarrepresentantar og 50% kommunalt tilsette. Innbyggjarrepresentantane har vore frå organisasjonar som representerer ulike grupper, m.a. ungdomsråd, foreldreutval, idrettslag, internasjonal kulturklubb, bygdelag, eldreråd og kyrkja. Prosjektgruppa har utarbeidd handlingsdelen av prosjektplanen, m.a. val av målgruppe og metode. Innbyggjarrepresentantane i prosjektgruppa og deira organisasjonar har også bidrege mykje i gjennomføring av tiltaka (medverknadstiltak).

3.3. Hvordan har det vært arbeidet med å nå "svake stemmer"? Eventuelt: Hva oppleves som hovedutfordringer for å nå svake stemmer?

Askøy:

Et lokalt mål i prosjektet har vore å finne metodar for medverknad som kan bringe stemmene til barn og unge inn i avgjerdsprosesser og i val av tiltak. Prosjektet gjennomførte derfor metoden «fotostemmer» med barn og unge. Gjennom bruk av bilde, teikning, tekst og tale fikk alle barna som deltok høve til å bruke si stemme. Fotostemmer er ei godt eigna metode for dette føremålet. Alle elevene frå 1-7. klasse ved ein skole, og alle førskulebarna frå den lokale barnehagen deltok. Her var fokus å medverke breitt (alle elevene på skulen, kvart klassetrinn, alle førskulebarna i den aktuelle barnehagen).

På denne måten meiner vi at prosjektet har bidrege til å engasjere dei stemmene som elles ikkje blir høyrde i slike prosessar.

Bømlo:

Gjennom bruk av ABCD har fokus på å få med og dei som vanlegvis ikkje deltar vore viktig. Det har resultert i at ein utfordrar kvarandre til å sjå på alle som ein ressurs og spørje nokon ein ikkje har spurd før. Konkrete tilfelle har medført deltaking frå nokon som diverre ikkje alltid vert sett på som ein ressurs verken av seg sjølve eller andre.

Fjell:

I prosjektet har det gjennomgåande vore fokus på å legge til rette for at alle skal kunne bidra. Til dømes skulle ikkje økonomi spele ei rolle for om elevane kunne nytte Trafikkagenten på mobil. Her hadde vi lånetelefonar tilgjengeleg. Gjennom skulen har vi nådd fram til alle i klassane, med mindre det har vore sjukdom dei aktuelle dagane kartlegginga vart gjennomført.

Stord:

Representantane frå innbyggjarane sin erfaring og lokalkunnskap var sentral for å finne gode arenaer og metodar til å nå svake stemmer. Eit viktig grep var å ta i bruk fleire ulike arenaer og metodar. Det vart lagt vekt på å møte innbyggjarane der dei var i sin kvardag. Trygge/kjente omgjevnader og at intervjuar er kjent syntes å fremje deltaking.

Spørsmåla vart tilpassa målgruppa. Det var ulike alternativ for å gi tilbakemelding, både skriftleg, munnleg og med teikning/bilete. I tillegg vart observasjon nytta for dei minste barna. Det vart også oppretta nettside og facebook-side med høve til å gi innspel. For barn/unge vart barnehage og skule valt som arena for å nå flest mulig. Det vart her lagt til rette for å gi innspel i ulike kreative former. For å sikre innspel frå særleg utsette grupper vart det også gjennomført samtalegrupper i organiserte tilbud, som språk kafé for innvandrarakar, open stove hos utekontakten, tilrettelagt arbeidstilbod for personar med utviklingshemming, brukarar ved kontaktsenter innan psykisk helse, og arbeidsmarknadstiltak for arbeidssøkjande.

Delmål 4: Legge grunnlag for konkrete tiltak i samsvar med lokale folkehelse-utfordringer.

4.1 Hvilke konkrete tiltak er under planlegging/ tenkt gjennomført i praksis? Hvorfor er disse valgt?

Askøy:

- Miljøarbeidarstillingar på kommunen sine fire ungdomskular: Desse møter utfordringa med fleire tilgjengelege vaksne å snakke med. Er på plass skuleåret 2018/19.
- Miljøarbeider som skal jobbe aktivt ut mot frivilligheita (tiltak i mobbefri oppvekst): Er på plass skuleåret 2018/19.
- Ung til ung formidling: vert brukt systematisk og aktivt på arenaer der barn og unge skal medverke (elevdagar 2 dagar pr. år). Møter behovet for å møte barn og unge på deira nivå.
- UKS er høyringsinstans i alle saker som vedkjem barn og unge- løftar også fram elevdemokratiet.
- I delprosjektet «*Hetlevik et godt sted å bo*»: vert det arbeidd lokalt vidare med konkrete tiltak for barn og unge i bygda. Dette arbeidet vert styrt lokalt gjennom lokalt etablert samarbeidsmøte som oppstod i kjølvatnet av prosjektet (skule, barnehage, lag og organisasjonar for barn og unge).

- Kommuneplanen sin arealdel: møteplassar (lokalisering og utforming) er inne i ein pågåande planrevisjon.
- Nytt folkehelseprosjekt: vidareutvikle møteplasser for barn og unge.

Bømlo:

Det er tiltak som både er ferdigført, under arbeid og under planlegging. Dei er valt ut fordi det er komme innspel om desse tiltaka i prosjektperioden. Etter første «runde» med datainnsamling i dei opphavelige tre grendene inviterte vi heile grenda til eit grendamøte for å informere om kva folk i grenda hadde gitt av innspel. I desse møta nytta vi høve til nye innspel basert på ABCD metode/prosess og samla oversikt frå kvar grend vart satt inn i ei «matrise» der innspel vart kategorisert etter kven som hadde ansvar for å følgje dei opp. Det synte seg då at grendautvalet (talerøyr for heile lokalsamfunnet) i lag med innbyggjarar og lag/organisasjonar i lokalsamfunnet kunne sette i gang med ulike prosjekt sjølve. Fleire av desse er faktisk ferdigstilla. T.d. aktivitetspark i lokalsamfunnet Rubbestadneset og rydding av eit historisk område, Vetahaugen, i lokalsamfunnet Mosterhamn. Ulike tursti prosjekt er under arbeid. Desse er valt fordi lokalsamfunnet sa at dette var viktig for dei – eigarskap, og det var vilje til å få dei gjennomført.

Grendautvala (som er frivillige) i dei tre lokalsamfunna har vore aktive og viktige medspelarar, og bidrege til eigarskap i si bygd.

Fjell:

- Som oppfølging av pilotprosjektet på Bjørøyna skal det opparbeidast ein snarvegen mellom bustadområde og barnehage og skule. Snarvegen vil verta lyssett og vil ha eit dekke som kan driftast om vinteren. Tiltaket er prioritert gjennom kommunedelplan for trafikksikring 2017-2020 og det er satt av midlar til gjennomføring i budsjettet for 2018. Grøn avdeling i kommunen vil stå for opparbeidinga av snarvegen, og arbeidet vil starta opp omtrent i februar 2019.
- Kartlegginga har vidare vore brukt i vurderinga av skuleskyss for elevar grunna farleg skuleveg, og resulterte i at elevane sør på Bjørøyna får dekka skuleskyss i vinterhalvåret.
- Kommunen har fått ei betre oversikt over reisevanane til skulebarna som har vore med i prosjektet, saman med ei oversikt over enkle tiltak som kan gjennomførast langs skulevegen gjennom:
 - Data om kva vegar elevane brukar.
 - Oversikt over opplevd tryggleik og utryggleik på skulevegane.
 - Oversikt over kvar det er behov for trafikksikringstiltak og kva tiltak barna sjølve meiner at vil hjelpe.
- Kartfesting av resultata – eit levande verktøy der kommunen kan henta ut rapportar som grunnlag for å prioritera tiltak som kan tryggja skulevegane. Skuleeininga får samstundes eit godt grunnlag til å vurdera gamle og nye saker om gratis skuleskyss grunna farleg skuleveg.
- Kartlegging av eksisterande og ønskja snarvegar skal nyttast i kommunal planlegging. Ved å kopla arbeidet til konkrete planprosessar vert kunnskapen brukt som grunnlag for til dømes arealplanar, trafikksikringsplanar, investeringsbudsjett og handlingsplan.
- Kartlegginga av trafikkforholda vil bli presentert vegmynder som har ansvar for trafikksikring og bygging av gang- og sykkelvegar.

Stord:

I prosjektet har innbyggjarane gitt innspel om sosiale møteplassar og trivselfaktorar i nærmiljøa. Innspela gjeld både nye tiltak og eksisterande tilbod ein ønskjer å ta vare på. innspela vil bli drøfta i fleire planarbeid, der også representantar frå innbyggjarane deltek. Kva som skal prioriterast vil bli avgjort i desse prosessane. Det vil bli lagt vekt på omsynet til folkehelsa og korleis tiltaka samsvarar med kommunen sine mål for folkehelsearbeidet.

Ein del av innspela handlar om mindre, konkrete tiltak som kan realiserast utan forankring i plan. Dette gjeld til dømes tiltak i frivillig sektor, mindre nærmiljøtiltak, eller mindre endringar i tenestetilbod. Desse innspela blir formidla til dei aktuelle aktørane (organisasjon, vel-lag, teneste, osv.) som tar innspela vidare i sitt interne demokratiske system.

Av tiltak under planlegging eller som har starta opp som følge av innspel kan nemnast:

- Utandørs møteplass under tak ved ungdomsskule: Som direkte respons på godt arbeid med innspel til prosjektet, fekk elevane ved ein ungdomsskule disponere ein sum til å realisere eitt av innspela. Dei valde då å byggje ein gapahuk på skulen sitt uteområde. Gapahuken blir nytta både i undervisninga og som sosial møteplass i friminutt.
- Open møteplass for ungdom - Open hall: Tydelege ønskjer frå ungdommar i ein av bydelane gjorde at idrettslaget tok initiativ til samarbeid med ungdomsskulen for å skape ein open møteplass på kveldstid. Elevrådet ved skulen deltok i planlegginga og er aktivt med i gjennomføring av tiltaket.
- Open møteplass på dagtid for heimeverande vaksne: Ønskje om aktivitetstilbod og uformell møteplass på dagtid kom både frå personar utanfor arbeidslivet og frå personar med «nordsjøturnus». Tiltaket er i tråd med kommunen sine folkehelsemål, og vart realisert som eit samarbeidsprosjekt mellom frisklivssentralen og frivilligsentralen.
- Lågterskel-aktivitetstilbod for ungdom: Ungdom som deltok på ABCD-kurs gjennomførte arrangement for å få dialog med yngre ungdom om behov/ønske om nye aktivitetar og møteplassar. Resultatet vart ei lågterskel-kanonball-turnering med fokus på det sosiale. Ungdomsrådet var involvert i planlegging og gjennomføring.
- Rutinar for medverknad i kommunalt plan- og utviklingsarbeid: Heilskapleg system for medverknad er eitt av kommunen sine satsingsområde. Rutinar for innbyggjarmedverknad skal fremjast som politisk sak. Både brukarorganisasjonar og politiske utval er involvert i utarbeiding av forslag til rutinar.
- Barnehagar må ha tilgang til naturområde: Tydelege innspel om at enkel tilkomst til natur er viktig for små barn. Samtidig kunnskap om at bustadnære naturområde er under press. Folkehelsekoordinator har sett i gang kartfesting av nære naturområde som blir brukt av barn. Det er tenkt at område skal vise i kommunen sitt kartgrunnlag for reguleringsplanar. Kommunen vil også vurdere endring av føresegner knytt til å ivareta barn i arealplanlegging og å styrke vern av bustadnære naturområde i revidering av kommuneplanen.
- Gapahukar i turområde: Innspel om at rasteplass under tak gjer turvegane meir tilgjengelege både for barnefamiliar, barnehagar og eldre. Det lokale turlaget har i samarbeid med kommunen bygd gapahuk i tre mykje bruke turområde. Etablering av fleire lågterskel-aktivitetstilbod er i tråd med kommunen sitt mål om å redusere sosiale helseskilnader
- Møteplass/aktivitetsområde i sentrum: Det er gjort politisk vedtak og løyvd midlar til etablering av ein møteplass tilrettelagt for leik/aktivitet i Leirvik sentrum. Det skal opprettast ei arbeidsgruppe med fem innbyggjarrepresentantar som skal stå for planlegging og utforming.
- Møteplassar for eldre: På bakgrunn av innspel er det starta eit arbeid med å leggje til rette for auka sosial deltaking blant eldre.

4.2. Er medvirkning brukt i arbeid med utvikling/valg av tiltak? Eventuelt hvordan?

Askøy:

I delprosjektet «*Hetlevik et godt sted å bo*» – fotostemme med elevane/barna i barnehagen, samt gjennom ABCD - tenking for mobilisering av dei vaksne i bygda.

Av tiltak under planlegging eller som har starta opp i Hetlevik som følge av barna/elevane sine innspel kan nemnast:

- Oppussing av leikeområde ved skulen (mogleg dette var tilfeldig, men borna sett stor pris på det).
- Skulen har oppretta kontakt med lokal strikkeklubb som har vore på skulen både i friminutt og i

- o kunst- og handverkstimar, skulen ønskjer å utvide dette samarbeidet.
- o Skulens uteområde har fått seg ein ansiktsløfting, FAU er veldig engasjerte i det vidare arbeidet for skulemiljøet.
- o FAU har oppretta ein trafikkgruppe som tar tak i elevane sin uro for trafikken på skulevegen.
- o Elevane oppretta søppelklubb som seinare blei til en liten gjeng av vaksne og born som rydda godt eit likt friluftsområde.
- o Utvikling av samarbeid skule-barnehage omkring våre born.

Bømlo:

Ja. Sjå svar 4.1.

Fjell:

Gjennom prosjektet har ein fått befolkninga si tilbakemelding på kva dei oppfattar som positivt og negativt med skulevegen, og desse tilbakemeldingane har påverka kva tiltak ein har vektet som riktig. Det har gjeve politikarane ei betre grunnlag for å ta gode avgjerder som påverkar innbyggjarane.

Stord:

Sjå over.

DELMÅL 5 er det fylkeskommuner som svarer på, men der kommuner og UH-miljøer har innspill skal disse også svare.

Delmål 5: Tilrettelegging for kompetansebygging med regionale utdanningsinstitusjoner og andre om nærmiljø og lokalsamfunnskvaliteters betydning for folkehelse.

5.1. Hvordan tilrettelegges kompetansebygging med regionale utdanningsinstitusjoner om nærmiljø og lokalsamfunnskvaliteters betydning for folkehelse (internt og eksternt)? Hvordan er dette arbeidet tenkt videreført som en del av det systematiske folkehelsearbeidet?

Kompetansebygging med regional utdanningsinstitusjon Høgskulen på Vestlandet

Eit viktig arbeidsmål i Hordaland har å vore å *Lage gode samarbeidsfora og arenaer for utvikling med deltakande kommunar og i samarbeid med regionalt høgskulemiljø.*

Frå fylkeskommunen si side blei det gjort fleire strategiske grep for å sikre kompetansebygging i prosjektet.

1. Val av utdanningsmiljø

HFk gjorde eit val om å ikkje lyse ut oppdraget eksternt, men vidareutvikle eit etablert samarbeid med Høgskulen i Bergen (no HVL). Vi la vekt på gjensidig samarbeid og utviklingsarbeid, og fekk støtte for dette i fylkeskommunen. Hordaland fylkeskommune si vurdering er at kjennskap til kvarandre som organisasjonar var eit viktig grep positivt for nærmiljøprosjektet. I val av høgskulen vart det også sett på at høgskulen har mange relevante fagmiljø med verdi for nærmiljøprosjektet.

2. Samarbeidsavtalen.

Eit anna viktig grep har vore å utvikle mål for samarbeidet som del av samarbeidsavtalen. Eit av måla er at høgskulen skal «Nytte resultat av prosjektet inn i relevante utdanningar ved Høgskulen på Vestlandet» og eit anna at høgskulen skal «Bidra til auka samhandling mellom Høgskulen på Vestlandet sine ulike fagmiljø og prosjektkommunane».

I tillegg er «Kompetansebygging og integrering av nærmiljø og folkehelse i utdanningar» er ein del av oppdraget til HVL i avtalen. Ansvaret her er eit av HVL sine bidrag inn i samarbeidet/utviklingsarbeidet.

3. Utdanningsinstitusjon har vore tett på prosjektet – ulike metodar for kompetansebygging:

Høgskulen har følgd alle samlingar, prosjektmøter og bidrege til kunnskapsdeling. Dette inngår også i samarbeidsavtalen. Vi blir godt kjende på tvers. Høgskulen har bidrege med fagleg innhald i fleire samlingar. Samarbeidet har også ført til at kommunane er blitt godt kjende med det høgskulen kan bidra med i arbeidet. Høgskulen har samarbeidd direkte med kommunane.

Etter initiativ frå Høgskulen er den styrkebaserte tilnærminga ABCD nytta som gjennomgåande vegval for arbeidet i Hordaland.

Samstundes nyttar HVL folk frå prosjektet til førelesningar (innbyggjarar, sentrale medlemmer i prosjektgrupper, prosjektleiar, ekskursjonar).

Oversikt over felles kompetansesamlingar Hordaland. I tillegg kjem nasjonale samlingar.

		Innhald
2016 april	Prosjektsamling Kick-off. Bergen.	Prosjekt presentasjonar, arbeide mot felles mål i nærmiljøet med inspirasjon frå Bærekraftige liv. Mobilisering og nettverksbygging i lokalmiljø/nærmiljø
Sept	Prosjektsamling. Bergen	Kunnskapsbygging og samarbeid. Kvalitativ metode, om nærmiljøkvalitetar.
Nov	Prosjektsamling Bømlo	Kreative arbeidsformer, deltaking, prosjektutvikling, ressursbaserte arbeidsformer
2017 Mars	Kompetansesamling Bømlo	ABCD - Bømlo kommune. 29 deltakarar
Juni	Prosjektsamling Askøy/Bergen	Metodeutvikling, ulike medverknadsmetodar for barn og unge, erfaringsdeling prosjektutvikling, erfaring med ABCD- Bømlo
Sept	Kompetansesamling Bergen Bømlo	ABCD - Askøy og Fjell kommune. 34 deltakarar ABCD – Stord og Bømlo kommune. 32 deltakarar
Okt	Prosjektsamling Haugesund. Samarbeid med Rogaland	Presentasjonar med tilbakemelding frå kompetansemiljø, info frå nasjonal evaluator, om implementering, deltakar evaluering av prosjektet.
2018 Mars	Prosjektsamling Haugesund. Samarbeid med Rogaland	Arbeidsprosessar og work-shop. Analyse.
Sept	Avsluttande prosjektsamling Stord	Fokus på verktøy/metodar/rutinar og prosedyrar, kunnskap inn i planprosessar, gjensidig læring, kvalitative helseoversikter, samarbeid og samhandling, studentpresentasjonar. Evaluering i plenum.
2019 april	Sluttkonferanse Hordaland	

4. Utdanningsinstitusjon og kommunane nyttar samarbeidsavtalen.

Høgskulen har arbeidd for å dra inn kompetanse frå mange av høgskulen sine utdanningar inn i eit samarbeid rundt prosjektet for å sikre implementering. HVL har invitert studentar med når dei er ute i kommunane der det har vore hensiktsmessig. Kommunane har kunne velje kor tett dei ville samhandle med HVL.

5. Studentarbeid – samarbeid om kunnskapsutvikling

Hordaland fylkeskommune har lagt til rette for at studentar ved HVL som skriv om problemstillingar som kommunane ser nytte av, kan skrive oppgåver på prosjektet med vegleieing frå HVL. Dette er eit punkt i samarbeidsavtalen.

Det er totalt gjennomført 8 masteroppgåver i nærmiljøprosjektet. Høgskulen har sett stort potensiale med å bidra til utvikling av problemstillingar til masteroppgåver, slik at oppgåvene også er blitt eit materiale for evaluering av arbeidet i Hordaland. Viktige føresetnader for å skape interesse for masteroppgåver i prosjektet har vore: Intensjon om oppgåver som del av samarbeidsavtalen med HVL, årleg utlysning tilpassa prosjektet, lagt inn som del av kunnskapsutviklinga/evalueringa og stipendordning.

Vurderinga i etterkant er at bruk av masteroppgåver i systematisk evalueringsarbeid i slike prosjekt er eit godt verktøy. Meir målretta innsats tidlegere kunne bidrege til fleire oppgåver og kanskje studentar frå fleire utdanningar.

I tillegg til masteroppgåver har Høgskulen lagt til rette for tre bacheloroppgåver:

Kunnskapsoppsummering ABCD – brukt i skulen, Om Stord sitt forsøk på å innhente info frå målgruppa psykisk utviklingshemma, Fokusgrupper – Fjell kommune sitt arbeid med å involvere barn og unge.

Oversikt over masteroppgåver Hordaland

år	institusjon	Oppgåva sin tittel	kommune	Del av evaluering
2016	HVL-samfunnsarbeid	<i>Hva hemmer og fremmer den tverrfaglige prosjektgruppens samarbeid om lokalt, medvirkningsrettet folkehelsearbeid?</i>	Askøy	x
	HVL-samfunnsarbeid	<i>Hvordan påvirker opplevelse av boligstandard sosial deltakelse i nærmiljøet?</i>	Stord	
2017	HVL-samfunnsarbeid	<i>Hvordan fungerer samarbeidsmøtene som et sted for samhandling og medvirkning, og hvilke ringvirkninger kan dette samarbeidet ha for lokalsamfunnet?</i>	Askøy	x
	UIB - Hemilsentret biveileder HVL	<i>Barns medvirkning ved bruk av metodetypologien «fotostemme» – slik det fortoner seg fra barns perspektiv - Hvordan opplever elever medvirkning gjennom bruk av fotostemme?</i>	Askøy	x
	HVL-samfunnsarbeid	<i>Hvilke prosesser bruker ungdommen når de skal bruke ABCD-tilnærmingen i sitt forsøk på å etablere en inkluderende møteplass i sitt nærmiljø?</i>	Stord	x
2018	HVL-inst. for byggfag	<i>Mulighetsstudie Mosterhamn A prospect of Mosterhamn's future development.</i>	Bømlo	
	HVL-samfunnsarbeid	<i>Hvordan har prosjektet Nærmiljø og lokalsamfunn for folkehelse bidratt til mobilisering og medvirkning av lokalbefolkningen? Målgruppe folkehelsekoordinatorar.</i>	Alle kommunane	x Under arbeid
	HVL-samfunnsarbeid	<i>Hvordan forstår skolen sitt folkehelseoppdrag, og hvilket tiltak har skolen for å fremme helse i lokal samfunnet</i>	Alle kommunane	x Under arbeid
	HVL-samfunnsarbeid	<i>Under utvikling</i>		x Under arbeid

Sett frå kommunane

Askøy:

Kommunen har samarbeidd med Høgskolen på Vestlandet (HVL), og har hatt jamne møtepunkt gjennom regionale prosjektleiarmøter/samlingar i prosjektet. Det har vore ei fin veksling mellom konkrete problemstillingar i prosjektet, og foredrag om folkehelse og metodikk for medverknad. Kommunen har tillegg bidrege til tre masteroppgåver innan folkehelsearbeid/samfunnsarbeid.

På grunn av samarbeid med HVL vart det i prosjektet mogleg å delta på kurs i Asset based community developepment (ABCD). Kommunen skal ta denne erfaringa med vidare i program for folkehelsearbeid.

Bømlo:

Samarbeid med HVL medførte at vi fekk kunnskap om ABCD som metodeverktøy, og tilbod om kurs i bruk av ABCD relativt tidleg i prosjektet. Gjennom vegleiing frå HVL nytta vi ABCD frå byrjinga av når Grendamøta vart gjennomført. Det samarbeidet medførte at prosjektgruppa «nytta same språk» og det har hatt stor verdi for å bygge kompetanse i både i kommunen og frivilligheita. Representantar frå høgskulen har delteke på Grendamøte, i prosjektmøte og i møte med prosjektdeltakarar. Det er gjennomført fokusgruppe intervju av deltakarane etter ABCD kurs av representantar frå Høgskulen, som og har bidratt med rettleiing i metode og evaluering, og har gitt støtte undervegs i gjennomføring. To masterstudentar har knytt sine masteroppgåver til nærmiljøprosjektet på Moster. Prosjektdeltakar får

frivillige i Bømlo kommune har undervist om erfaringar frå prosjektarbeidet for studentar ved bachelor- og masterutdanningar.

Samarbeidet har og medført arbeid med eit forprosjekt med kunnskapsoversikt med hovudmål om å utvikle kunnskapsoversikt for ABCD metode, med fokus på metodar som kan bidra til å kartlegge og identifisere nærmiljøkvalitetar gjennom medverknad frå befolkninga. Her har kommunen fått prosjektstøtte frå Regionalt forskingsfond Vestlandet.

Kommunen vil bygge vidare på samarbeidet inn i arbeidet med kommunalt planverk og gjennom arbeidet med program for folkehelsearbeid i kommunane som Bømlo er deltakar i.

Fjell:

Høgskolen på Vestlandet skal følgje utviklinga av prosjektet, bidra som dialogpartner til gjennomføring av måloppnåinga, delta med støtte og kompetanse på prosjektsamlingar der det er relevant, bidra til kompetansebygging og integrering av nærmiljø og folkehelse i utdanningar.

Fjell sin erfaring er at høgskulen bidreg når ein tek kontakt og har kvalitetssikra metodar.

Det er lagt vekt på å auke kompetanse på medverknadsprosessar, særskilt Asset based community developepment (ABCD). Fjell kommune deltok med 6 personar på 2-dagars kurs i Bergen med Russel Cormac, i regi av Høgskulen på Vestlandet og Hordaland fylkeskommune. Tilbakemeldingane frå kurset var svært gode, og Fjell ønskjer å teste ut delar av ABCD-tankegongen i prosessen med kommunedelplanane.

Stord:

Samarbeid med HVL har hatt stor verdi for å bygge kompetanse i kommunen. Representantar frå høgskulen har delteke i prosjektmøte og i møte med prosjektdeltakarar. Høgskulen har bidrege med rettleiing i metode og evaluering, og har gitt støtte undervegs i gjennomføring. Fleire frå kommunen har delteke på kurs i ABCD-metodikk, og i samlingar der høgskulen har hatt faglege foredrag.

Representantar frå høgskulen har gjennomført fokusgruppe-intervju med prosjektdeltakarar i samband med evaluering. To masterstudentar har knytt sine masteroppgåver til nærmiljøprosjektet på Stord. Prosjektleiari i Stord kommune har undervist om erfaringar frå prosjektarbeidet for studentar ved bachelor- og masterutdanningar.

5.2. Hvordan fungerer samarbeidet med utdanningsinstitusjonene? Eventuelt på hvilken måte/hva er endret/bør endres?

Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune er godt nøgd med samarbeidet med Høgskulen på Vestlandet. Høgskulen har gjennom deira følge-med rolle og ved aksjonsforskning har HVL vore tett på prosjektet i Hordaland og strekt seg langt utover dei økonomiske rammene som er tildelt for å bidra. Høgskulen har hatt ei langt breiare rolle enn berre ekstern evaluator i Hordaland. Dette er ein stor styrke for eit slikt prosjekt.

Høgskulen har vore ein god utviklingspartner for fylkeskommunen i planlegging og gjennomføring av den faglege delen av prosjektet. Gjensidig samarbeid med forpliktingar både frå fylkeskommunen inn mot Høgskulen og for Høgskulen inn mot fylkeskommunen har bidrege positivt. Terskelen har vore lav for gjensidig kontakt. Bruk av studentar i utviklingsarbeidet og ressurspersonar frå kommunane inn i studentundervisning har vore gode grep.

Fylkeskommunen og kommunane har hatt ein kontaktperson og eit kontaktmiljø, mens høgskulen sjølv har utvikla samhandling i eigen organisasjon. Dette er eit viktig grep som gjer samhandlinga føreseieleg.

Kommunane har hatt ulike behov og sjølve laga avtalar, og teke kontakt med høgskulen utover det som fylkeskommunen har lagt til rette for. Høgskulen har bidrege med innspel til kommunane på val av metodar og andre kompetansegrep i prosjektarbeidet. Sidan det tok lang tid å få samarbeidsavtalen på plass hadde kommunane kome langt i prosjektutviklinga si. Samstundes ser HFK i etterkant at fagkunnskapen til Høgskulen på Vestlandet burde vore inne i prosjektet tidlegare.

Utdanningsmiljøa blir ein viktigare samarbeidspart i framtida. Etter HelseOmsorg-21 strategien ligg det forventingar om at universitets- og høgskulesektoren skal bidra til kunnskapsutvikling i kommunane. Vår vurdering er at HVL sin rolle i nærmiljøprosjektet er eit godt døme på denne oppgåva.

Sett frå kommunane.

Askøy:

I Hordaland har det vore oppfølging av HVL etter kommunen sine behov og ønskjer. Her har vegen blitt til undervegs slik at begge partar har justert kursen ettersom prosjektet har utvikla seg. Prosjektleiari i Hordaland fylkeskommune har lagt til rette for samhandling, og bidrege til oppklaringar dersom det har vært behov for det.

Bømlo:

Kommunen har hatt eit godt og lærerikt samarbeid med Høgskulen på Vestlandet. Dei har vore aktive medspelarar i heile prosjektperioden, fasilitert ABCD kurs, gitt oss høve til at Masterstudentar har nytta vårt prosjekt til Masteroppgåve og vore avgjerande for at kommunen fekk regional kvalifiseringstøtte til og gjennomførte eit forprosjekt med kunnskapsoversikt knytt til arbeidet i nærmiljøprosjektet.

Fjell:

Samarbeidet har fungert veldig godt, og det å ha etablert god kontakt med Høgskolen på Vestlandet er ein viktig ressurs for vidare arbeid.

Stord:

Samarbeidet med HVL har løfta kvaliteten på prosjektet og vore viktig for gjennomføring og resultat. Det har vore særskilt nyttig at representantar frå høgskulen har vore til stades i lokalsamfunnet og hatt dialog direkte med deltakarar i prosjektet. Dette gir arbeidet legitimitet og aukar motivasjonen til deltakarane. Også viktig at høgskulen har deltatt i prosjektleiarsamlingar.

5.3. Hva er gjort/skal gjøres med tanke på egevaluering/annen evaluering av arbeidet i kommunen med Nærmiljøprosjektet? (besvares både av kommune og fylkeskommune)

Hordaland fylkeskommune:

Hordaland fylkeskommune har ikkje lagt opp til eigen evaluering av arbeidet til fylkeskommunen ved rapporteringstidspunkt. Behov må vurderast når prosjektet er avslutta. Hordaland fylkeskommune skal levere sluttrapport til politisk nivå. Her vil det kome vurderingar av nærmiljøprosjektet. Form på dette er ikkje avklara.

Arbeidsforma i prosjektet har vore open, og arbeidsprosessar og samhandling har vore tema på prosjektleiarmøter og ulike samlingar for å justere arbeidet undervegs. Det har vore munnlege tilbakemeldingar i samlingar mm. for forbetring til vidare arbeid. På avsluttande prosjektsamling hausten 2018 blei tilbakemeldingar frå prosjektdeltakarane både teke opp på band saman med referat. Dette er materiale for bruk av HVL i deira sluttrapport

Dei fleste studentoppgåvene skal nyttast i evalueringsarbeidet. Enten av det faglige arbeidet, metodar og verktøy brukt i kommunane, eller intervju med samarbeidspartar i skulen, det tverrfaglige teamet og folkehelsekoordinator/prosjektleiari sin rolle.

Askøy:

Det er ikkje lagt opp til omfattande evalueringsprosessar av prosjektet på kommunalt nivå. Delprosjekta har vore evaluert undervegs. Ulike delar av prosjektet har blitt vurdert gjennom tre ulike masteroppgåver (tverrfaglig samhandling i prosjektgruppa, fotostemme som medverknadsmetode, lokalsamhandling i samarbeidsmøte). I tillegg har vi gjennomført prosessevalueringar undervegs med føremål om å justere kursen på prosjektet (refleksjonsnotat, gjort-lært-lurt)

Bømlo:

Det er i samarbeid med høgskulen gjennomført fokusgruppeintervju med prosjektdeltakar som grunnlag for prosessevaluering.

Fjell:

Det er gjort evaluering av pilotprosjektet i form av ein rapport.

Stord:

Det er i samarbeid med høgskulen gjennomført fokusgruppeintervju med prosjektdeltakar som grunnlag for prosessevaluering.

5.4. Hvordan tenker fylkeskommuner å benytte erfaringer, metoder og arbeidsformer fra Nærmiljøprosjektet inn i program for folkehelsearbeid i kommunene?

Hordaland fylkeskommune meiner arbeidsmetodikken frå Nærmiljøprosjektet er viktig å følge opp vidare, og har lagt denne inn som grunnlag for utvikling av program for folkehelsearbeid i Hordaland. Hordaland blei teke opp som programfylke i 2018. Nærmiljøprosjektet og program for folkehelsearbeid er ulikt innretta frå nasjonale mynde. Dette inneberer å ta det det beste frå nærmiljøprosjektet inn i det nye programmet. I Hordaland er same rådgjevar prosjektleiar for begge programma.

Ei viktig skilnad slik Hordaland vurderer det, er at program for folkehelsearbeid blir opplevd litt meir «sentralt styrt» enn nærmiljøprosjektet, der prosjektleiarane i fylka var meir deltakande i å legge felles premisser saman.

Å utvikle gode arbeidsformer er viktig i all prosjektutvikling. I nærmiljøprosjektet la vi vekt på at det er kommunane som best kjenner sine utviklingsbehov. Også i program for folkehelsearbeid er det kommunane som skal vere premissgjevarar knytt til egne prosjekt. Vi legg vekt på å utvikle møteplassar og samlingar i samarbeid med kommunane for å arbeide på tvers og lære av kvarandre. Stimulere til nye arbeidsformer.

Utvikle dele kultur og skape eit trygt og støttande klima. Gjennom samarbeidsåra i nærmiljøprosjektet har vi arbeidd med gjensidig læring og å dele med kvarandre. Ei viktig grep i program for folkehelsearbeid der kommunane utviklar ulike tiltak – er å finne samarbeidsformer med samhandling og læring. Stimulere til deling av verkty/metodar osb.

Organisering ut i frå lokal kontekst:

I begge prosjekta vil kommunane utvikle styringssystem sett frå kommunen sine behov. Kommunane Stord, Bømlo og Askøy er programkommunar i program for folkehelsearbeid. Alle kommunane har god kunnskap og erfaringar frå nærmiljøprosjektet til å utvikle gode tiltak i eigen kommune. Alle kommunane har mykje kunnskap og erfaringar som kan delast med nye programkommunar.

Vidareføre erfaringane med studentoppgåver : det er sett av midlar årleg til å vidareføre stipend, og utvikle system for bruk av masteroppgåver som del av evalueringsarbeidet.

Kompetanse og forståing av medverknad og deltaking: sett som ein viktig premis i utlysinga i Hordaland. Nytte erfaringar frå tre av kommunane som deltek som program kommunar som også var del av program for folkehelsearbeid.

Erfaringar frå samarbeid med utdanningsmiljø er viktig å ta med inn i det nye programmet.

Andre erfaringar er formidling, rapportering, målstyring, utvikling av kunnskapsgrunnlag for tiltaksutvikling osb.

5.5. Hvordan er Nærmiljøprosjektet tenkt vidareført i kommunen og hvordan er erfaringer, kunnskap, arbeidsmetoder tenkt vidareført til andre kommuner og samarbeidsparter i fylket?**Askøy:**

Nærmiljøprosjektet vert ikkje vidareført som eige prosjekt i kommunen. Røynsle frå prosjektet skal nyttast inn i følgjande arbeid:

- nytt folkehelseprosjekt – møteplasser for barn og unge
- nytt nærmiljøutviklingsprosjekt (lokalt) *LivOGLyst Hetlevik på snei*

- planarbeidet – kommunedelplan barn og unge

Nærmiljøprosjektet blei etter kvart godt forankra i det tverrfaglege samarbeidsutvalet for barn og unge i kommunen, prosjektleiing ble lagt til fagavdeling skule med prosjektdeltaking frå plan, miljøretta helsevern og skule. Positiv erfaring frå denne forma for tverrfagleg arbeid har lagt til grunn for arbeidet med nytt folkehelseprogram. Samarbeid med skule er sentralt for å få til medverknad med barn og unge. Ei anna erfaring frå prosjektet er å involvere barn og unge enda tidlegere i prosessen enn det som ble gjort i oppstarting av nærmiljøprosjektet. I arbeidet med nytt folkehelseprogram har det difor vore med ungdomar frå idémyldring til utforming av prosjektplan og prosjektgruppe.

Bømlo:

Vi har gjennom prosjektarbeidet fått god erfaring med medverknad generelt men og opp mot planarbeidet i kommunen. Det er gjennom politiske sak vedtatt at grendautvala skal representere si bygd/grend og vere talerøyr i uttale til t.d. plansaker. Det er inngått avtaler mellom kommune og grendautval som presiserer forventning og ansvar frå begge partar. Kommunen nyttar no systematisk ABCD tankegang i sitt planarbeid.

Fjell:

Fjell kommune har opparbeida god erfaring om metodane i prosjektet, og ønskjer å nytta dei vidare i nye medverknadsprosessar. Foreløpig er det ikkje mogleg å sei om ein vil nytta alle metodane eller om ein vil nytta dei nøyaktig slik som i Nærmiljøprosjektet, men det vert vidareført til nye planprosessar og tilpassa nye forhold.

Stord:

- Det er på bakgrunn av erfaringane i nærmiljøprosjektet kome bestilling på politisk sak om kommunen sine rutinar for innbyggjarmedverknad på systemnivå. Erfaringane frå prosjektet blir brukt ved planlegging av medverknadsprosessar i overordna planarbeid. Kunnskap frå nærmiljøprosjektet blir nytta i utvikling av nytt prosjekt i program for folkehelsearbeid.

Hordaland fylkeskommune

- Hordaland fylkeskommune gjennomfører ein *sluttkonferanse* i april 2019 i samarbeid med høgskulen og prosjektkommunane. Målgruppa er brei for å dele erfaringane med mange. Kommunane i nye Vestland fylkeskommune ved folkehelsekoordinator er invitert. Ulike samarbeidspartar vert invitert. Kommuneplanleggar er invitert.
- Det skal utvikast eit *idèhefte* frå prosjektet i Hordaland med gode døme og erfaringar. Heftet er tenkt som ein kunnskapsbank etter prosjektet.
- Erfaringar frå arbeidet blir teke med i utviklinga av folkehelsearbeidet i Vestland fylkeskommune – erfaringar og døme blir nytta mellom anna inn som råd i planprosessar.
- Fylkeskommunen formidlar til andre kommunar at prosjektkommunane set med viktig kunnskap mellom anna på medverknadsarbeid som kan delast.
- Erfaringar og døme frå nærmiljøprosjektet blir nytta der det er naturleg i samhandling med ulike samarbeidspartar.

5.6. Hva mener dere er det viktigste som kan gjøres for at de gode erfaringene og arbeidsmåtene fra Nærmiljøprosjektet kan leve videre etter prosjektperioden?

Hva kan gjøres i kommunen?

Hvilken rolle kan fylkeskommunen ha?

Hvilken rolle kan universitets – høgskole – og forskningsmiljøene ha?

Hvilken rolle kan Helsedirektoratet og andre nasjonale statlige aktører ha?

Kommunar

- dele og spreie kunnskapen i eigen organisasjon på ein god måte, for å sikre at kunnskapen ikkje vert personavhengig. Eigarskap kan utviklast ved at fleire frå same kommune deltek i slike utviklingsprosjekt for å få større eigarskap til prosessar/metodar.
- kan integrere kunnskap frå prosjektet i sine overordna planar.
- erfaringar med medverknadsmetodar kan nyttast til å utvikle strategiar og rutinar for medverknad. Bidra til å endre praksis for involvering/deltaking.

- styrke eige kunnskapsgrunnlag knytt til kva som er viktige faktorar for livskvalitet og trivsel i eigen kommune
- arbeide vidare for å auke erkjenning av at også kvalitativ kunnskap er viktig kunnskapsgrunnlag for kommunane

Fylkeskommunar

- kan integrere kunnskap frå prosjektet i sine overordna planar. Erfaringar med medverknadsmetodar kan nyttast til å utvikle strategiar og rutinar for medverknad.
- bidra med kunnskap frå arbeidet i rollen som regionalutviklingsaktør og i rolla som planvegleiar. Bidra til at kunnskap frå prosjektet blir brukt vidare.
- styrke eige kunnskapsgrunnlag knytt til kva som er viktige faktorar for livskvalitet og trivsel i eige fylke.

Kunnskapsmiljøa:

- kan bidra til å utvikle verktøy for å hente inn og analysere kvalitative data, som er tilpassa ulike grupper og legg til rette for brei deltaking.
- formidle kunnskap frå prosjektet til studentar – bidra til ei breiare forståing av folkehelsearbeid i utdanningane.
- auke interesse i eigne institusjonar (og FoU-tid) om at utviklingsarbeid i samarbeid med kommunane er god måloppnåing knytt til HelseOgOmsorg21 strategien.
- bidra til å auke interesse for kvalitativt kunnskapsgrunnlag som relevans for forskning.

Nasjonale statlege aktørar:

- kan bruke kunnskapen til å utvikle nye indikatorar og undersøkingar som inkluderer viktige, kvalitative verdiar. Krav til brei medverknad må inngå i nasjonale føringar for dei ulike sektorane. Viktig med felles forståing på tvers av sektorar.
- legge til rette for at det trengs utviklingsmidlar til kommunane i åra som kjem – i nye satsingar – for å vidareutvikle dette innsatsområdet.

Annen rapportering:

Hvilke produkter er utformet/under utforming i forbindelse med prosjektet?

F.eks: Prosjektrapporter, Kunnskapsgrunnlag, metodeutvikling angående medvirking, video, rapporter fra UH miljøer angående «følge med rollen» og evaluering, erfaringsbasert materiale, innspilldokument til kommunale planer politikere og administrasjon, kommunikasjonsplaner, annet....

Askøy:

- Film om medverknad (ungdom).
- Facebook-film frå medverknadsprosess.
- Utstilling lokalt i nærmiljøet og på biblioteket (kommunesenteret).
- Fotostory med bilde + elevene sine stemmer (er publisert på skolens youtubekanal).
- Fotomateriale frå alle klassene som deltok.
- Gjennomføringsnotat/refleksjonsnotat frå prosjektet.
- Presentasjonar frå alle prosesser og møter med deltakarar i prosjektet er systematisk samla.
- Kommunikasjonsplan er brukt som del av prosjektstyringa.
- 3 stk. masteroppgåver frå Høgskulen på Vestlandet.
- «Min drømmemøteplass» – oppsummering frå medverknadsprosessar til kommuneplanen sin arealdel
- Prosjektrapport

Bømlo:

- Rapport frå medverknadsprosessar, samledokument for alle grendamøta, film som fortel om grendautvala sin erfaring og ulike power-point presentasjonar. Vi har og på førespurnad delt våre erfaringar med andre kommunar, både gjennom besøk frå andre til oss, og som bidragsytar på konferansar med innlegg.

Fjell:

- Evaluering av pilotprosjektet, sluttrapport, oppdatert prosjektskildring og hovudrapportering.

Stord:

- Prosjektrapport for pilot, innspelsrapport for pilot, innspelsrapport for hovudprosjekt, innspelsnotat til kommuneplan, sentrumsplan, plan for idrett og friluftsliv, trafikkisikringsplan og oppvekstplan, innspelsnotat til ulike kommunale einingar, brev med informasjon om relevante innspel til lokale organisasjonar og næringsdrivande, videointervju som illustrerer deltakarar si oppleving, powerpoint-presentasjonar til foredrag og undervisning.

Oversikt over vedlegg frå kommunane Nærmiljøprosjektet 2018 Hordaland

Stord kommune

- *Stord kommune - Rapport om trivsel i Sagvåg/Litlabø*

<https://www.stord.kommune.no/rapport-om-trivsel-i-sagvaaglitlaboe.6075148-454088.html>

- *Stord kommune - Innspel til gode sosiale møteplassar og trivelge nærmiljø.*

<https://sk-dokument.no/innspelsrapport/>

Bømlo kommune

- *Bømlo kommune – Nærmiljø Film om nærmiljøprosjektet.*

https://www.youtube.com/watch?v=1Ezmo_wSdlU

- Bømlo kommune samla innspel frå alle grendamøter

Fjell kommune

- *Skuleveg og snarvegar i Fjell kommune. Sluttrapport.*

Askøy kommune

- Askøy kommune: kommunikasjonseksempler
- *Askøy kommune – Min drømmemøteplass Rapport fra prosjekt om barn og unges medvirkning i kommuneplanens arealdel.*
- *Askøy kommune – Hva er viktig for barn og unge? Medvirkning for mobbefritt oppvekstmiljø?*

Oppdaterte prosjektbeskrivelser 2019 fra alle kommuner skal inngå i rapportering til Hdir. I tillegg rapporteres det på kommunikasjonsarbeid.

Del I: Prosjekter fra fylker (inntil 2 sider fra hver kommune),

del II: (inntil 2 sider fra hver kommune) kommunikasjon og eksempler fra kommune. Gjennomføres etter samme mal som høst 2018. Tittel, bakgrunn, problemstillinger, mål, målgrupper, resultatmål, metoder, tiltak, samarbeidsparter lokalt, kontaktperson(er) og eventuelle bilder som tillates benyttet. Dokument lages i farger. Vi vil også ha med logoer fra kommuner og fylkeskommuner (farger). Se for øvrig

www.godelokalsamfunn.com skal sendast som eige dokument.

Sendt Hdir den 02.04.19